



Pressemelding 5. mai 2021

Heimeskule for to klassar på Sagstad

Elevar og tilsette i klasse 7a og 7c må i karantene til og med 15. mai.

Skulen fekk melding om det positive koronatilfellet onsdag ettermiddag.

– Koronasenteret jobbar med å kartleggje kven som er nærkontaktar. Først må litt over 50 elevar og tilsette i karantene til og med laurdag i neste veke, fortel rektor på Sagstad skule, Magne Lædre.

Føresette og tilsette på skulen har fått informasjon om situasjonen. Alle som bur ilag med ein av dei som er i karantene, må i ventekarantene.

Elevane i klasse 7 a og c får meir informasjon om opplegget for heimeskule frå sin kontaktlærar.

Fleire har fått påvist koronavirus etter nye prøvesvar onsdag 5. mai. I tillegg til tilfellet knytt til Sagstad skule, har kommunen fått melding om to tilfelle.

Kontaktperson på Sagstad skule:

- Magne Lædre
Mobil: 472 56 688
E-post: magne.ledre@alver.kommune.no